



IKT-strategi for Tysnes kommune

2022-2025

Innholdsliste

0. Innleiing.....	2
1. Om planen.....	2
2. Mål, strategiar og tiltak	2
Innsatsområde 1: Brukarorienterte IKT-tenester	4
Bakgrunn	4
Strategiske grep for vegen vidare	5
Innsatsområde 2: Prosess, kvalitet og kompetanse.....	7
Bakgrunn	7
Prosess.....	7
Strategiske grep for vegen vidare.....	7
Kvalitet.....	9
Strategiske grep for vegen vidare.....	9
Kompetanse.....	10
Strategiske grep for vegen vidare.....	10
Innsatsområde 3: Data og arkitektur	11
Bakgrunn	11
Strategiske grep for vegen vidare	11
Innsatsområde 4: Personvern og informasjonssikring	13
Bakgrunn	13
Strategiske grep for vegen vidare.....	13

Tysnes kommune har valt følgjande mål for IKT-strategien:

Tysnes kommune skal gjennom bruk av IKT medverka til å gjera Tysnes til eit attraktiv samfunn for busetnad og arbeid.

IKT arbeidet til kommunen skal medverka til å sikra gode tenester for innbyggjarane.

IKT arbeidet til kommunen skal medverka til å sikra ein effektiv tenesteproduksjon.

IKT arbeidet til kommunen skal medverka til å sikra at Tysnes kommune vert opplevd som ein attraktiv arbeidsgjevar.

IKT arbeidet til kommunen skal medverka til å sikra utvikling og digitale førsteval.

IKT-arbeidet til kommunen skal pregast av følgjande:

- Openheit, transparens og inkludering
- Brukarstyrt utvikling
- Heilskapleg arkitektur
- Samarbeid
- Berekraft og ny teknologi

Kommunen gjev IKT-tenester til både tilsette, innbyggjarar og næringsliv. Det er òg eit mål at IKT-arbeidet skal pregast av openheit og transparens – det skapar tillit. Me må i den samanheng også sikra at IKT arbeidet sikrar inkludering. Dette handlar om at me parallelt med arbeidet med digitale førsteval også må sikra at innbyggjarar som har låg digital kompetanse ikkje fell utanfor.

Utviklinga skal vera brukarstyrt, det betyr at det er innbyggjarane som skal stå i fokus for den utviklinga og dei investeringar som vert gjort innanfor IKT.

Ein heilskapleg IKT struktur inneber at me skal sikra at ulike løysingar vert integrert med kvarandre for å oppnå ein effektiv og saumlaus kvardag til beste for brukarar og innbyggjarar.

Samarbeid handlar om at me skal arbeida saman, på tvers av sektorgrenser, kommunegrenser og saman med næringsliv og andre interessentar. Gjennom samarbeid har me tru på at me kan oppnå betre løysingar.

Me skal følgja utviklinga og ta i bruk ny teknologi som kan gjera kvardagen betre og/eller effektivisera tenestene våre. IKT-drift og utviklingsarbeidet skal dessutan vera berekraftig og vurderast spesifikt opp mot FN sine mål for berekraft.

I planperioden har me valt å prioritera fire aktuelle innsatsområde:

1. Brukarorienterte tenester
2. Prosess, kvalitet og kompetanse
3. Data og arkitektur
4. Personvern og informasjonssikring

Bakgrunnen for val av innsatsområde står skildra i innleiinga til dei respektive områda. Innan kvart av innsatsområda er det definert strategiar som skal leggjast til grunn for det vidare IKT- arbeidet. Som oppfølging av strategien skal kommunen utarbeida handlingsplanar med tiltak knytt til kvar enkelt strategi. Tiltaka skal gjennomførast for å realisera denne IKT-strategien og målet med denne.

Innsatsområde 1: Brukarorienterte IKT-tenester

Bakgrunn

Tysnes kommune skal satsa på IKT-tenester som brukarane har behov for og som er enkle å bruka. Digital brukarorientering handlar om nettopp dette, å setja brukaren i sentrum og gjera det så intuitivt og lett som mogleg på digitale flater – utan at brukarane treng inngåande kunnskap om korleis kommunen er organisert. Tenestene skal gjera kvardagen enklare for brukarane. Brukarar i denne samanhengen kan vera både tilsette, innbyggjarar, friviljuge og næringsliv.

Digitale tenester er ferskvare som stadig må utviklast og forbeholdt. Brukarane av tenestene forventar at kommunen følgjer den digitale utviklinga og er moderne på alle frontar. Brukarane har òg forventningar om at IKT-tenestene skal vera enkle og raske, og at dei kan nåast kor og når som helst. Det kan oppstå eit gap mellom kva brukarane forventar og IKT-tenestene kommunen kan yta. Men me skal arbeida målretta saman med brukarane for å avklara forventningane. Med strategiane nemnt nedanfor, vil me leggja til rette for betre samhandling og arbeida for framtidssretta, solid og effektiv drift.

Strategiske grep for vegen vidare

For å sikra måloppnåing skal Tysnes kommune tilretteleggja for:

- **Innsikt og samhandling**

IKT-tenester som blir leverte skal vera framtidsretta, gje sluttbrukar verdi og bidra til samarbeid, gjerne på tvers av verksemder. IKT-løysingar er sjeldan berre reint tekniske innretningar, men skal vera enkle å bruka og tilpassa organisasjonen og behovet til sluttbrukar. For å oppnå dette må kommunen ynskja god dialog og forventningsavklaring mellom IT- funksjonen og andre avdelingar. Kommunen skal ynskja samhandling på tvers av heile kommunen, både horisontalt og vertikalt.

Innføring av nye IKT tenester skal skje med bakgrunn i ein plan for gevinstrealisering, planen skal vera standardisert og gje eit godt grunnlag for evaluering og forbetring av innførte løysingar.

- **Fleksibilitet**

Ei standardisert brukarflate gjev store driftsforenklingar. Dette arbeidet skal vidareførast, men det skal òg leggjast til rette for bruk av nettbrett og mobile einingar der det er formålstenleg.

Mobile løysingar skal utviklast med responsivt design, slik at dei kan nyttast på ulike teknologiske plattformer og ulike typar einingar (til dømes pc, nettbrett, mobil).

Tenester skal utformast med universell utforming slik at det så langt som mogleg blir teke omsyn til brukarar med ulik funksjonsevne.

- **Digitalt førsteval**

Digital kommunikasjon skal vera føretrekt kontaktmetode for dei fleste tenestene som tilsette, innbyggjarar og næringsliv nyttar, og me skal leggja til rette for nasjonale felleskomponentar vert teke i bruk slik som ID-porten, Svar-UT, FEIDE, Byggsak osb.

Tysnes kommune skal i samarbeid med andre søkja å påverka leverandørar i IKT-bransjen til å levera funksjonalitet som bidrar til utviklinga av digitalt førsteval.

Det skal leggjast til rette for tenester og standardiserte grensesnitt til innbyggjarar, næringsliv og frivillige organisasjonar og etablerast arenaer der samarbeid og kompetanse kan vidareutviklast.

IKT-tenester og løysingar som blir levert og utvikla, skal vera i høve til behovet til brukarane og det skal leggjast til rette for tenester som brukarane kan bestilla eller løysa direkte sjølv. Sjølvbeteningsløysingane skal i størst mogleg grad vera enkle og sjølvforklarande, og det skal også leggjast til rette for nødvendig opplæring.

- **Skalerbart tenestetilbod**

Utviklinga av fleire publikumstenester og større avhengigheit av IKT-system i tenesteproduksjonen, fører til høgare krav til tilgjenge (oppetid) og respons på IKT-tenestene. Derfor skal IKT tenestetilbodet i kommunen tilpassast og bli slik at utvida IKT-

tenester og -system er tilgjengelege når brukarane treng det. Skalering av tenestetilbod skjer gjennom val av løysingar, samarbeid med andre og kjøp i marknaden.

Innsatsområde 2: Prosess, kvalitet og kompetanse

Bakgrunn

Eit stadig sterkare fokus på omstilling og digitalisering gjer at prosesstenking må vera ein større del av alle ledd i organisasjonen Tysnes kommune. Å styra og forbetra prosessane vil gje oss betre kontroll og effektivisera tenestene me skal levera.

Kvalitet på tenestene våre er ein føresetnad for at samfunnet skal ha tillit til oss. Me arbeider systematisk for å oppnå den beste kvaliteten i tenesteleveransane våre til tilsette, innbyggjarar og næringsliv.

God kvalitet føreset kompetanse og fagutvikling på alle aktuelle (fag)område. Kvalitetsforbetring krev ei brei tilnærming, tydeleg leiing og ein organisasjon prega av kontinuerleg læring.

Prosess

For at Tysnes kommune skal vera i stand til å imøtekoma nye krav frå innbyggjarar og næringsliv og løyse arbeidsoppgåver på ein betre måte, må kvaliteten og effektiviteten på prosessane våre bli styrkt. Kommunen skal ha ein kontinuerleg prosessforbetningskultur med ei strukturert metodisk tilnærming saman med eit solid rammeverk. Bruk av teknologi er viktig for å forenkla arbeidsprosessar òg er eit viktig verkemiddel for å demma opp for det aukande gapet mellom behov for til dømes helse- og omsorgstenester og personell-kapasitet til å yta slike tenester.

Strategiske grep for vegen vidare

For å sikra måloppnåing skal Tysnes kommune:

- **Effektivisera arbeidsprosessane**
Effektive arbeidsprosessar gjev god flyt og rett kvalitet på arbeidet vårt. Gjennom å endra på måten me arbeider på (til dømes administrative arbeidsprosessar), kan me medverka til at det blir enklare for tilsette å kommunisera og samarbeida med kvarandre, noko som igjen kan føra til betre tenester for innbyggjarar og næringsliv.

Når me kartlegg og analyserer noverande arbeidsprosessar skal me forbetra prosessane etter «beste praksis»-prinsippet. Dette vil kunna gje eit godt underlag til kravspesifikasjonen ved innkjøp av nye effektive IKT-løysingar. Me skal òg ta vare på kulturen vår for å leita etter område som har effektiviseringspotensial og vurderer kor det er mogeleg med automatisering.

- **Automatisera arbeidsprosessane**
Tysnes kommune skal arbeida for å leggja til rette for bruk av ny teknologi og gode løysingar til brukarane.

Automatisering av arbeidsprosessar vil vera ei avlastning for tilsette som dermed kan få tid til andre arbeidsoppgåver. Gjentakande arbeidsprosessar skal i størst mogleg grad automatiserast og eksisterande informasjon bli bruk igjen. Me skal ha auka fokus på sjølvbetening i relevante prosessar så langt det er mogleg.

Kommunen skal gjera ei bevisst prioritering av kva arbeidsprosessar som skal automatiserast

basert på volum, kostnadseffektivitet og kvalitetsbetringar. Det skal alltid leggjast til grunn eit konkret mandat og plan for gevinstrealisering.

Det er dei ulike fag-einingane som eig forbettringsprosessane. Desse er viktige deltakarar i dette arbeidet og må setja av ressursar for å sikra gjennomføringa.

- **Opparbeida kompetanse på prosessforbetring og automatisering**

Tysnes kommune må byggja prosesskompetanse i heile organisasjonen. IT-avdelinga er ein nødvendig samarbeidspartnar i prosjekt knytt til prosessbetring og automatisering, og skal yta rådgjeving i eit slikt kontinuerleg forbettringsarbeid.

Kartleggingsarbeid og analyse er ein viktig del av denne prosessen. IT-avdelinga skal ikkje vera ein prosessdrivar, men vil hjelpa annan organisasjon med å leggja til rette, vurderer potensialet og implementera løysingar for å forenkla oppgåver.

- **Vidareutvikla metodikk og bruk av rammeverk**

Tysnes kommune skal sjå heilskapen ved vidare utviklingsarbeid med IKT-tenester. Organisasjonstilpassing skal alltid vurderast når det vert teke i bruk nye løysingar. Prinsippa som vert skissert i Leavitts diamant vil vera nyttige i den samanhengen

- **Bruka formålstenlege verktøy for prosessautomatisering**

Manuelle arbeidsoppgåver kan vera til hinder for effektive arbeidsprosessar – både med omsyn til tid, kostnad og kvalitet.

Dette kan løysast ved å ta i bruk prosessautomatisering, som inneber å bruka dataverktøy til å utføra heile eller deler av ein prosess. Det finst fleire dataverktøy som er utvikla for å handtera prosessar, der ulike verktøy har ulike styrkar. Tysnes kommune skal ha fokus på å ta i bruk verktøy for å automatisera tenester i heile verksemda.

Prosessautomatisering vil i denne samanheng også vera knytt til aktiv bruk av ny teknologi som kan erstatta fysiske tilsyn, det skal arbeidast vidare med IoT (Internet of Things) og omsorgsteknologi.

- **Harmonisera fagsystema**

Dagens portefølje av administrative IKT-system skal konsoliderast og effektiviserast – òg for å oppnå så straumlinjeforma drift og vedlikehald som mogleg.

Me skal samordna arbeidsprosessar innanfor det administrative området og leita etter område for felles innkjøp. All utvikling skal vera sameinleg med ei konsolidert systemportefølje.

Ved nye systeminnkjøp må me leggja til rette for å ta ut framtidige gevinstar (som innsparingar og kvalitetsforbetringar) og bidra til at produserte data gjev eit godt avgjerdsgrunnlag.

Harmoniserte arbeidsprosessar må danna grunnlaget for tenesteutvikling innan IKT. Eit oversyn over det reelle behovet til brukarane og potensielle gevinstar må på plass før utvikling eller innkjøp av ny løysing startar.

- **Vidareutvikla ein profesjonell drifts- og leveranseorganisasjon innan IKT**
Profesjonell drift av infrastrukturen dannar grunnlaget for ein effektiv arkitektur, og skal sikrast gjennom å nytta den spesialkompetansen som felles innkjøpsavtale gjev oss tilgang til.

Tysnes kommune skal nytta tilgang på kompetanse som marknaden gjev framfor å byggja eigen kompetanse utover bestillingskompetanse.

Kvalitet

Det overordna målet til Tysnes kommune med kvalitetsarbeid innan IKT, er å optimalisera prosessane og arbeidsmetodikken slik at tenestene som blir leverte har forventa robusthet og funksjonalitet. Organisasjonen skal oppleva utteljing av investerte middel (ROI) og høg grad av tilfredsheit med dei leverte tenestene.

Strategiske grep for vegen vidare

For å sikra måloppnåing skal kommunen:

- **Leggja til rette for at data i størst mogleg grad berre blir registrert ein gong.**
Sentrale masterdata og masterdata-kjelder skal identifiserast og nyttast igjen i eksisterande og nye system. Det blir òg stilt krav til at alle system som blir skaffa skal støtta standard datautveksling.
- **Levera IKT-tenester som er framtidsretta, gjev sluttbrukar verdi og legg til rette for samarbeid på tvers av verksemder.**
Tysnes kommune skal levera ein tenestekatalog som avspeglar behovet til organisasjonen og er tilpassa sluttbrukar. Dei leverte IKT-tenestene skal vera av god kvalitet og løysa utfordringane til sluttbrukar.

Kommunen si IT-avdeling skal også ha fokus på Tingenes Internett» (IOT)-løysingar for Tysnes kommune. Slik legg Tysnes kommune til rette for å utvikla og forbetra kvaliteten på tenestene sine til tilsette, innbyggjarar og næringsliv.

- **Vidareføra sentralisert innkjøp og implementering av IKT-utstyr**
Brukarane skal ha fridom til å påverka val av føretrekte digitale einingar, men innanfor gitte rammer. Ein einskapleg maskinpark betrar kvaliteten på IKT-tenestene og gjev store ressursinnsparingar på både drift og vedlikehald. Gjeldande ordning med sentralisert innkjøp og implementering av IKT-teknisk utstyr via IT-avdelinga skal derfor vidareførast. Kommunen skal tilpassa utvalet i vare- og tenestekatalogen til endringar i behovet til brukarane og den teknologiske utviklinga.
- **Levera til avtalt tid og kvalitet og med avtalt ressursbruk/kost**
Kommunen skal ha ein IT-avdeling med ein profesjonell drifts- og leveranseorganisasjon som, i samarbeid med eksterne ressursar, etterlever internasjonale og anerkjente standardar for leveranse av IKT-tenester.

Gjennom felles innkjøpsavtale med kommunar i Sunnhordland og på Haugalandet, får Tysnes kommune tilgang til eit høgt kvalifisert konsulentmiljø.

Kompetanse

Framtidig velferd og konkurransevne er avhengig av auka digital kompetanse i alle delar av arbeidslivet og samfunnet, og det er eit mål på nasjonalt nivå å styrka digital kompetanse og deltaking. Digitalisering og automatisering av tenesteproduksjonen vil halda fram med å endra Tysnes kommune til ein vesentleg meir digital arbeidsplass. For å lukkast er det avgjerande at kommunen har nødvendig digital kompetanse. Det er eit leiaransvar å syta for at dei tilsette oppnår dette. Kompetansen til dei tilsette er den viktigaste ressursen me har, og er ein føresetnad for at kommunen kan yta tenestene sine på ein god måte. Det er derfor viktig å sikra at alle tilsette får digital kompetanseheving i tråd med utviklinga av tenestene.

Det er eit strategisk val å ha eigne IKT-ressursar. Det vil blant anna gjera det lettare å lukkast med digitaliserings-arbeidet, etter som lokale ressursar lettare kan sjå dei andre elementa i Leavitts diamant i ein heilskap. Samstundes vil det ikkje vera mogleg for Tysnes kommune å byggja ein organisasjon som kan utvikla og drifta alle løysingar. Målet er å ha strategisk kompetanse på bestillernivå.

Strategiske grep for vegen vidare

For å sikra måloppnåing skal Tysnes kommune:

- **Leggja til rette for rett IKT-kompetanse**

Den digitale kompetansen skal styrkast i heile organisasjonen, på alle nivå. Tysnes kommune skal leggja til rette for at alle tilsette har grunnleggande digital kompetanse. Tilsette i Tysnes kommune skal ha rett IKT-kompetanse sett i høve til oppgåvene sine og aktuelle verktøy. Tysnes kommune skal driva langsiktig kompetanseutvikling og bevisst rekruttering for å tilpassa kompetanseprofilen til endringane kommunen står overfor.

Leiarar på alle nivå i kommunen er nøkkelaktørar for digitaliseringsarbeidet. Det er viktig at leiarane får kompetanse på korleis digitalisering kan medverka til verksemdsutvikling, måloppnåing og betre tenester for brukaren. Fleire leiarar må derfor utvikla strategisk IKT-kompetanse. Strategisk IKT kompetanse handlar om grunnleggjande forståing for korleis ny teknologi påverkar arbeidsprosessar, personar og organisasjonsstrukturar.

Tysnes kommune skal syta for kontinuerleg kompetanseutvikling av sine tilsette for å sikra ein effektiv og forsvarleg IKT-drift. Kommunen må alltid ha tilgang på aktuell breidde- og djupnekompetanse for å sikra rask omstilling og effektiv tilpassing av IKT-tenestene. Kompetanseutvikling gjev moglegheiter for variasjon og breidde i arbeidet, og gjer at kommunen kan halda på dyktige medarbeidarar og tiltrekka seg nye medarbeidarar med relevant kompetanse. Høg kompetanse vil dessutan kunna betra tenesteutviklinga i kommunen.

- **Syta for gode rammevilkår for å ta i bruk ny og aktuell teknologi**

Tysnes kommune skal vera opne for å ta i bruk ny og aktuell teknologi, dette gjeld både der det oppstår gjennom utvikling av felles løysingar, men også der det oppstår som følge av at me får medarbeidarar med røynsle eller interesse for nyt teknologi. Riktige vegval føreset kompetanse, utprøving av ny teknologi og risikovilje. Bakgrunn for å ta i bruk ny teknologi skal samstundes vera analysert gjennom plan for gevinstrealisering.

Innsatsområde 3: Data og arkitektur

Bakgrunn

Data er ein viktig ressurs i dag, men vil veksa seg både større og viktigare i den digitale framtida. Kommunen forvaltar store mengder data på vegner av samfunnet og innbyggerane, og ny teknologi vil produsera endå meir. Kommunen skal sikra eigarskap og enkel tilgang til denne viktige ressursen. I framtida vil data bli brukte og gjenbrukte i andre samanhengar som kan gje nye og betre tenester. Gjennom analysar og stordata (Big Data) kan me produsera gode avgjerdsunderlag på alle nivå. Satsinga på opne data (dela data med andre) skal fortsetja, slik at me legg til rette for innovasjon og gjenbruk òg utanfor kommunen. Transparens og openheit skal prega vår samhandling med omverda. Men kommunen skal vera ein ansvarleg forvaltar av dei personlege data til innbyggerane og innbyggjarane skal kunna ha tillit til at me handterer data etter lova. All deling av persondata må ha eit formål som har heimel i lova.

Alle data som kommunen forvaltar skal handterast på ein enkel og trygg måte. Solid arkitektur og gjennomtenkt infrastruktur er bærebjelkar for framtidretta, gode innbyggartenester og effektive IKT-verktøy for dei tilsette. Derfor er dette eit hovudsatsingsområde til kommunen innanfor IKT.

Arkitekturen og infrastrukturen må byggast slik at det er mogleg å utveksla data og dessutan kommunisera mellom ulike IKT-system, også på tvers av forvaltningsnivå. Nye IKT-innkjøp, vidare utvikling og ressursbehov er avhengig av IKT-arkitekturen. Det skal leggjast til rette for ein effektiv, fleksibel og tenesteorientert arkitektur.

Strategiske grep for vegen vidare

For å sikra måloppnåing i løpet av planperioden skal Tysnes kommune:

- **Sikre ei god forvaltning av data**

Fleire data kan samanliknast og skapa ny innsikt og forbetra tenester. Kommunen må derfor ha råderett, kontroll og tilgang til alle data som kommunen produserer. All handtering av data skal vera innanfor lovmessige krav, med særleg vekt på sikring av sensitive data.

Når kommunen er med i prosjekt som involverer persondata skal me syta for at kommunen er dataforvaltar - eller at innbyggerane sjølv har kontroll over data. Kommunen skal ikkje medverka til at private aktørar har kontroll og eigarskap til slike data om innbyggerane våre.

- **Sikre god handtering av arkivverdige materiale**

Alle system som lagrar arkivverdige materiale skal ha ein strategi for avlevering av elektronisk materiale i samsvar med gjeldande arkivplan. System som ikkje er godkjente som elektroniske arkiv kan vurderast integrert direkte med saks-/arkivsystemet. Dette vil sikra lovmessig handtering av materialet og det vil forenkla arbeidet med å gje innbyggerar innsyn.

- **Leggja til rette for heilskapleg handtering av masterdata**

Masterdata er verksemdskritiske data som ligg i ei rekke ulike fagsystem. Gjenbruk av masterdata på tvers av fagsystema medfører i høg grad til ressurs sparing og effektivisering av arbeidsprosessar, og me må derfor bestemma kva system/teneste som er ansvarleg for kva data. Informasjonen skal registrerast og haldast ved like på berre éin stad, og deretter blir gjort tilgjengeleg for alle system som har behov for informasjonen. For å oppnå dette må all

nøkkelinformasjon identifiserast, og me må få ei formalisert vedlikehaldsplikt av informasjonen.

- **Integrera fagsystem så langt det er mogleg og fornuftig**
Dataflyt mellom fagsystem – òg på tvers av forvaltningsnivåa - vil gje meir brukarvennlege og effektive tenester, og me må derfor fokusera på utvikling av gode integrasjonsløysingar. Målet er å etablera robuste integrasjonar som fungerer godt. Kommunen vil òg arbeida for å unngå for tette leverandørbindingar - det skal vera mogleg å byta leverandør av fagsystem dersom kommunen ønskjer det.
- **Nytta standardiserte produkt, offentlege standardar og nasjonale felleskomponentar**
Standardiserte produkt og løysingar sikrar høg ressursutnytting og effektivisering. Ved kjøp av nye IKT-system skal det derfor stillast krav om at systema er baserte på godkjente standardar i høve til nasjonale føringar, og me skal innretta oss til føringane på DIFI sin standardiseringsportal. Så langt det er mogleg skal Tysnes kommune nytta offentlege standardar og nasjonale felleskomponentar og register ved etablering av nye løysingar og ved gjennomgang av eksisterande løysingar. Kommunen skal vera lojal mot føringar frå stat/kommune og skal følgja innarbeidd god praksis i IKT-bransjen.
- **Støtta opp om eit sikkert «internett for alt» (Internet of Things, IoT)**
Kommunen går mot ein kvardag der dei fleste elektriske apparata og komponentar me omgir oss med, vil kunna kommunisera med kvarandre og sentrale servicestasjonar via internett. Dette har eit stort effektiviseringspotensial og kan på sikt spare kommunen for ressursar. Til dømes finst lysarmaturar som kan senda melding til vaktmeisterenesta når eit lyspæreskifte er nødvendig, og vaktmeistrane slepp jamlege sjekkrundar. Tysnes kommune må i den daglege drifta vurdere kva for slike løysingar som er formålstenlege innan dei ulike bruksområda. Eit døme der slike smarte komponentar ikkje må innførast utan vidare, er Tysnes Omsorgssenter. Her kan ymse komponentar som har innebygd WIFI forstyrre sjukesignalsystemet.
- **Vidareutvikling av framtidretta driftsmodell**
Tysnes kommune har valt ei løysing der me har ei blanding av lokale løysingar og løysingar i sky hos ulike leverandørar. Tysnes kommune må halda fram med å gjera eit konkret val for kvar enkelt nytt system som me skaffar, om det skal vera lokalt eller skybasert. Stikkord i denne vurderinga er m.a. kostnad, sikkerhet, oppetid, fleksibilitet og integrasjonar med andre system.
- **Ta i bruk ny teknologi**
Å ta i bruk ny teknologi kan gje innovasjon. Tysnes kommune skal vera medviten på nye løysingar som vert tilgjengeleg innan kommunesektoren, og ta i bruk løysingar som me finn formålstenlege for oss.
- **Nytta og halda ved like gode lokale, regionale og nasjonale nettverk for samarbeid og erfaringsutveksling.**
Tysnes kommune skal vera ein deltakar i forum der ein kan driva erfaringsutveksling innan utviklinga av IKT.

Innsatsområde 4: Personvern og informasjonssikring

Bakgrunn

Auka satsing på digitalisering er nødvendig for å møte endringar i demografi og økonomi på ein god måte. Men utviklinga kan òg føra til både auka sårbarhet og gje nye utfordringar knytt til personvern og informasjonssikring.

I Tysnes kommune skal personvern og informasjonssikring vera ein naturleg del av det daglege arbeidet til kommunen. Kommunen behandlar store mengder personopplysningar, og det er viktig at dei tilsette og innbyggjarane har tillit til at opplysningane blir behandla på ein trygg og sikker måte. Samtidig må informasjonsflyten i kommunen vera så god at oppdatert informasjon er tilgjengeleg når organisasjonen treng han.

Oppdatering av utstyr og programvare er avgjerande for å hindra utilgjengelighet og datainnbrot. Men arbeidet med personvern og informasjonssikring er ein kontinuerleg prosess som dekkar fleire sider:

- Teknisk infrastruktur/ sikring
- Fysisk sikring av informasjon og system
- Organisatorisk sikring (òg lovmessig etterleving, styringssystem, regelverk, prosessar, prosedyrar, avtalar og opplæring)

Personvern og sikring kan gjera eit system mindre brukarvenleg, men Tysnes kommune skal gjera gjennomtenkte val og få til best mogleg kombinasjon av desse. Lovbestemte krav til sikring av sensitiv informasjon vil vera overordna.

Strategiske grep for vegen vidare

Følgjande strategiar er valde for å oppnå måla for planperioden.

- **Ivareta informasjonstryggleik og personvern frå start til slutt**
Verksemder og innbyggjarar må ha tillit til dei digitale løysingane frå Tysnes kommune. Derfor må informasjonssikkerhet og personvernet i løysingane våre bli vurderte frå start til slutt, og sikkerhet må følgja informasjonen frå han oppstår til han blir sletta.
- **Leggja til rette for å gje innbyggjaren innsyn og kontroll over egne data**
Kommunen skal leggja til rette for å gje innbyggjarane lovbestemt innsyn i alle typar data som er registrert om dei. Innsyn vil kunna medføre rettingar som igjen gjev ei betring av datakvaliteten vår.
- **Understøtta sikre tenester for elektronisk kommunikasjon med innbyggjarane**
Tysnes kommune ønskjer openheit og dialog - òg mellom kommunen og innbyggjarane. Kommunen skal syta for at relevant informasjon for innbyggjarar og næringsliv er lett tilgjengeleg. Kommunen skal òg sikra at informasjonen er påliteleg, trygt lagra og at sensitiv informasjon ikkje kjem på avveie.

For å vareta personvernet skal alle lovkrav knytte til informasjonssikring i offentleg sektor vera oppfylt. Bruk av gode autentiseringsløysingar som ID-porten vil samtidig gje innbyggjarane den

nødvendige grad av sikkerhet og dessutan bidra til effektivisering.

- **Syta for rett sikkerhetsnivå og oppdaterte sikkerhetsrutinar**
For å oppnå så god kombinasjon av brukarvennlighet og sikkerhet som mogleg, er det viktig å definera rett nivå av sikkerhet på data som ligg i dei ulike fagsystema. Behandlingsansvarlige (systemeigarar) har som ansvar å kjenna lovkrava og gje nødvendig informasjon til IT-avdelinga slik at aktuelle sikkerhetstiltak blir gjort i infrastrukturen og drifta til kommunen. Kommunen må til kvar tid ha gode nok sikkerhetsrutinar og bruka sikringsløysingar som sikrar for at informasjonen berre når autoriserte personar.
- **Gjennomføra organisatoriske tiltak for å vareta personvern og informasjonssikkerhet** Ved innkjøp av nye system skal det stillast krav til leverandøren om innebygd personvern. For å avdekka eventuelle tryggleiksmessige utfordringar ved innføring av nye tenester eller endring av eksisterande, må me gjennomføra risikovurdering. Det skal etablerast fungerande internkontroll som skal sikra at kommunen behandlar personopplysningar i tråd med lova.
- **Bevisstgjera og gje opplæring**
Bevisstgjeri og opplæring er svært viktig i arbeidet med å få fram gode haldningar, spreia kunnskap og auka forståinga for personvern og informasjonssikkerhet i kommunen. Kommunen skal sikra at dei tilsette har lett tilgang til retningslinjer, prosedyrar, rutinar og kurs. Å bygga og halda oppe ein tryggleikskultur er ein kontinuerleg prosess.
- **Sikra moderne og effektive løysingar for å vareta informasjonstryggleik**
Kommunen må følgja den teknologiske utviklinga som er i stadig endring. Kommunen må tilpassa seg ved å implementera moderne og effektive løysingar som kan handtera kommande tryggleiksutfordringar.